

REFERAT FRA ÅRSMØTE I REPRESENTANTSKAPET I UNDHEIM SAMFUNNSHUS, TORSDAG 28. MARS 2019.

1. Leder i representantskapet, Geir Birkeland, ønska alle velkomne.
Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Val av 2 til å underteikna årsmøteprotokollen:
Kari Jorun Lørup og Jone Undheim vart valde.
3. Årsmeldinga:
4. Formann, Helge Lode, les årsmeldinga. Han kommenterte at ein må gjer noko med dugnadsinnsatsen. Ein slit med å få folk til å gå serveringsdugnad. Ymse forslag kom opp.
Årsmeldinga vart godkjent.

Rekneskapen:

Formann, Helge Lode, gjekk gjennom rekneskapen. Det vart kommentert at vedlikehaldskostnaden var stor og at det bl.a. kom av opparbeiding av parkeringsplassen, maling, og vedlikehald av taket og at det kom mindre en forventa på dei 4 juleborda som var i samband med showteateret sine framsyningar. I 2019 vil showteateret sette opp ei billigare førestilling. Ein representant kommenterte at han var «bekymra» for innteninga som har gått nedover frå 2014.

5. Budsjettet tas til orientering.

6. Val:

Styreformann, Helge Lode, attvald for 1 år. Personleg varamedlem, Karl Sigurd Tjåland, attvald for 1 år.
Styremedlem, Livar Egeland, nyvald for 2 år. Personleg varamedlem, Wenche Undheim, attvald for 2 år.
Styremedlem, Rita S Risa, attvald for 2 år. Personleg varamedlem, Christina Hafsaahl, attvald for 2 år.
Styremedlem, Thorstein Rønningen, attvald for 2 år. Personleg varamedlem, Atle Tjåland, ikkje på val.
Styremedlem, Brit Maurseth, ikkje på val. Personleg varamedlem, Marianne D. Undheim, ikkje på val.

Leiar i representantskapet: Magnus Tjåland, nyvald for 1 år. Personleg varamedlem, Jan Risa, nyvald for 1 år.

Revisor:

Julia-Christin Undheim, ikkje på val.
Nils B. Undheim, nyvald for 2 år.

Valnemnd:

Trond Tunheim, ikkje på val.
Gudrun Tunheim, ikkje på val.
Marie Soma, attvald for 2 år.
Johannes Egeland, attvald for 2 år.
Arne Håland, nyvald for 2 år.

Varamedlemmer til valnemnda:

Therese Oddane, ikkje på val.
Jone Undheim, ikkje på val
Lene Taksdal, nyvald for 2 år.

Før valet tok ein ca. 30-40 min. pause der det vart servert blomkålsuppe, rundstykke og kake.

7. Innkomne forslag:

- 1 Undheim ShowTeater (UST) foreslår at andelane deira i samfunnshuset blir trekt tilbake slik at dei kan organisera seg slik at dei kan få stønad frå Frifond. Det kom fram forslag frå salen at andelane til UST då blir overført til Tunheim Ungdomslag.
Dette blei vedteke.
- 2 For å legge til rette vedtekta slik at den er i samsvar med faktisk forhold blei det vedteke at det i § 9, pkt. 4 skal stå: Val av styreformann og personleg varamedlem.
- 3 For å legge til rette vedtekta slik at den er i samsvar med faktisk forhold blei det vedteke at det i § 12, 3. avsnitt skal stå: Kassastyrar, varaformann og skrivar vert valde av og innad i styret (konstituerer seg sjølv).
- 4 For å legge til rette vedtekta slik at den er i samsvar med faktisk forhold blei det vedteke at det i § 14, 1. avsnitt skal stå: Årsrekneskap og status med underskrift av revisor og kontrollnemnd og framlegg til budsjett for komande år skal sendas ut saman med sakspapira seinast 1 veke før årsmøte.

8. Orientering om drifta:

Ein har planen klar for å få malt ferdig samfunnshuset. Ein stenger samfunnshuset i juli for å lakka golvet i storsalen med 3 strøk. Dette blir gjort kvart år. Oppussinga etter brannen i garderoben i kjellaren er ferdig. Tor Even Mæland, som går ut av styret, blei takka av. I mangel på bukett med blomar fekk han ein knip av styremedlem Rita S. Risa med lovnad om blomar i morgon.

Protokollen vart så lesen opp og underskriven av leiar i representantskapet og av dei to som var valde til det.